



## TILLEGGSINNKALLING FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 23.04.2018  
**Møtested:** Heradshuset Dale  
**Møtetid:** 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [Møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost [solvi.legard@vaksdal.kommune.no](mailto:solvi.legard@vaksdal.kommune.no)

### ORIENTERINGAR:

Status økonomi og skisse/framdrift økonomiplan 2019-2022

### TILLEGGSSAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
<b>22/2018</b>	<b>REFERATSAKER OG MELDINGAR - Ny barne og ungdomskule på Dale - Statusrapport til Formannskapet</b>
<b>34/2018</b>	<b>TILDELING AV KULTURPRISEN 2018</b>
<b>35/2018</b>	<b>FRAMLEGG TIL STRATEGI OG RETNINGLINER FOR NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I VAKSDAL KOMMUNE, 2018 - 2021.</b>
<b>36/2018</b>	<b>REGULERING AV VANNSKUTERKJØRING</b>

18. april 2018

Eirik Haga  
Ordfører



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
22/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.04.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	18/454

### REFERATSAKER OG MELDINGAR

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
22/2018.1	NOTAT SKREDFARE SKULEOMRÅDET PÅ BREKKJEN, STANGHELLE
22/2018.2	Stanghelle vest / Tettaneset - månedsrapport mars 2018
22/2018.3	NY BARNE OG UNGDOMSKULE PÅ DALE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



## NY BARNE- OG UNGDOMSKULE PÅ DALE

Statusrapport til Formannskapsmøtet 23. april 2018

### Framdrift

Arbeidet med ny barne- og ungdomskule er delt inn i 13 entreprisar. Prosjektet er no i ein hektisk fase med anbod, evaluering og kontrahering av fleire entreprisar samstundes. Per 17. april 2018 er det ikkje identifisert prosjekt som går ut over kritiske milepælar i prosjektet. Oppdatert status for prosjektet er:

- 4 entreprisar – kontrakt tildelt,
- 2 entreprisar - evaluering og kontrahering i arbeid,
- 3 entreprisar - ute på anbod,
- 2 entreprisar - konkurransegrunnlag under arbeider,
- 2 entreprisar - detaljprosjektering ikkje starta opp.

Status per 17. april 2018:

Entreprise	Anbod inn	Entreprenør	Utført mill. kr	Utført %
1 Modulsule Stanghelle	04.01.2018	Wexus	2,29	26,8 %
2 Styring og overvaking	19.01.2018	Normatic	0,00	0,0 %
3 Trafikktryggleik og grunnarb. Stanghelle	28.02.2018	Dale entreprenør m.fl.	0,00	0,0 %
4 Ny barne- og ungdomskule	17.04.2018		8,35	4,2 %
5 Fornyng av VA Dale	07.05.2018		0,00	0,0 %
6 Ombygging ungdomskule	05.04.2018		0,00	0,0 %
7 Ombygging Stanghelle skule	24.04.2018		0,00	0,0 %
8 Kollektivterminal Dale	1. kv. 2020			0,0 %
9 Uteområde Stanghelle skule	16.05.2018		0,00	0,0 %
10 Sfo Turbinen		Eigen regi	0,00	0,0 %
11 Uteområde Turbinen	08.05.2018		0,00	0,0 %
12 Møblering modulbygg	23.04.2018		0,00	0,0 %
13 Inventar og lyd/lys nye Dale busk	19.12.2019		0,00	0,0 %
<b>SUM</b>			<b>10,64</b>	<b>4,8 %</b>

Detaljprosjektering ikkje starta opp	
Konkurransegrunnlag under arbeid	
Ute på anbod/tilbod	
Evaluering og kontraheringsfase	
Kontrakt inngått	

Produksjonen per 31. mars 2018 på 9,3 millionar mot 9,1 millionar kroner i prognosen (4,8 % utført). Produksjonsavvik i høve tabellen på førre side skudlast at investeringar til modulsule på Stanghelle vert delt mellom tilbygg Vaksdal skule og ny barne- og ungdomskule på Dale. Byggherrekostnader (prosjektering, prosjektadministrasjon, gebyr, straumtilknytning med meir) inngår i kalkylen for entreprise 4 - ny barne- og ungdomskule.

### Kostnader modulsule

I Formannskapsmøtet den 26. februar var det ynskje om ein detaljert samanlikning av kostnader til modulsule lik det som vart presentert til politisk nivå. Under er kostnadane samanstillt slikt dei vart presentert for kommunestyret den 23. oktober 2017 (KS 70/2017):

Alternativ	Estimat	Kontrakt	Differanse	Merknad
Lokalisering mellombels skule	Stanghelle	Stanghelle		
Lokalisering SFO	Turbinen/Vaksdal	Turbinen/Vaksdal		
Leigeperiode, år	4	2+1+1		
Tilrettegging tomter	0,6	0,9	0,3	
Til- og nedrigging inkl. fund.	4,9	8,5	3,6	
Leige modulsule	2,9	3,2	0,3	
Skysskostnader	4,0	4,0	0,0	Ikkje oppdaterte tal
Driftskostnader skule	6,0	6,0	0,0	Ikkje oppdaterte tal
Usikkerheit	1,7	1,1	-0,5	
<b>Sum</b>	<b>20,1</b>	<b>23,8</b>	<b>3,7</b>	
Investering Dale busk	3,6	5,3	1,7	
Investering Vaksdal bsk	3,6	5,3	1,7	

Kostnadene til modulsule er kring 3,7 millionar høgare enn estimert, av dette vert 1,7 millionar belasta investeringsbudsjettet til Dale- barne og ungdomskulen.

### Medverknad

Den 13. april var det møte i arbeidsgruppa for modulsule Stanghelle samt trafikktryggleikstiltak i samband med dette. Agenda for møtet var:

- Innspel/spørsmål frå foreldre
- Organisering av SFO Dale og busstransport
- Organisering av skulen
- Trafikksikringstiltak Stanghelle
- Parkering for tilsette
- Modulbygg
- Uteområde

På møtet deltek Skyss og representant frå Modalen og Eksingedalen bilag for å orientere om busstransporten som vert som følgje:

## Buss i anleggsperioden

### Haldeplass Dale - SFO

Transport frå parkeringsplass utanfor Turbinen. Det vert vaksne med på bussen til Stanghelle.

### Haldeplass Dale barneskole samt allmenn busstransport:

Det vert etablert ny felles busshaldeplass for skule og sentrumstrafikk på gata mellom Heradshuset og fylkesvegen (Konsul Jepsensgate). Busshaldeplassen utanfor Dalehallen vert flytta hit. Denne løysinga vert gjeldande i 2,5 år frå august 2018 til januar 2021. Vaksdal kommune søker Statens vegevesen om å få setje opp skilt med parkering forbode. Det vert ein innkøyringsperiode med tett oppfølging av vaksne.

### Stanghelle skule barneskolen:

Det vert etablert ny felles busshaldeplass ved parkeringsplass ved skulen. Vaksdal kommune søker Statens vegevesen om å få setje opp skilt med parkering forbode. Det vert etablert ny parkeringsplass for tilsette i det tidlegare grustaket på Stanghelle.

## Uteområde Turbinen

Det skal opparbeidast eit inngjerda uteområde for SFO på Dale på det som i dag er ein grøntområde (grasbakke) mellom Turbinen og parkeringsplass. I samband med dette føreslår med at det vert opparbeidd ein Tuftepark® som er eit lavterskel tiltak for eigenorganisert idrett og folkehelse (<https://www.tufteparken.no/>). Planane for uteområdet er sendt til Vaksdal idrettsråd for uttale og er i tillegg vedlagt her. Tufteparken er tenkt på grasområdet. Uteområde Turbinen er kalkulert til 2 millionar kroner inklusiv mva. Opparbeiding av uteområde er tenkt finansiert gjennom tippemidlar samt omdisponering av nyttar midlar for Fleirbrukshallen.

## Myndigheitsavklaringar

Oversikt over status myndigheitsavklaringar per 11. april 2018 er vedlagt. Alle byggeprosjekt på Dale og Stanghelle har no vore til uttale i AMU samt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

## Byggenemnda

Byggenemnda hadde møte 7. mars, referat er vedlagt. Det er planlagt nytt møte i byggenemnda 2. mai.

Dale 17. april 2018

Willy-André Gjesdal

Vedlegg: Referat frå møte i byggenemnd 7. mars 2018  
Myndigheitsavklaringar, status per 11. april 2018  
Situasjonsplan uteområde Turbinen



Eirik Haga

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 16/1583 - 18/3015

**Saksbehandlar:**

Willy Andre Gjesdal  
willy.andre.gjesdal@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

17.04.2018

## Referat frå møtet i byggjenemnd 7. mars 2018

Stad: Møterom i 4. etasje i Heradshuset

Tilstade	Rolle
Sigmund Simmenes	Varaordfører
Jan Erik Bernes Roe	Formannskapet
Ove Magne Straume	Undervisningsinspektør Dale busk
Ann Kristin Bolstad	Kommunalsjef oppvekst
Torstein Mehus	Leiar for kommunalteknisk drift
Willy-Andrè Gjesdal	Prosjektleiar

Ikkje tilstade	Rolle
Eirik Haga	Ordfører
Magne Rønning Eikeland	Ass. prosjektleiar
Magnar Helland	Rektor Dale barne- og ungdomsskule

**AGENDA:**

- 1 Godkjenning av møtereferrat
- 2 Status for delprosjekt 1-13 (myndighetsavklaringer, framdrift med meir)
- 3 Økonomi
- 4 Ymse

### 1. GODKJENNING AV MØTEREFERAT

Møtereferratet frå møtet 9. januar vart godkjend utan merknader.

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto  
Org.nr. 961 821 967

## 2. STATUS FOR DELPROSJEKT 1-13 (MYNDIGHETSAVKLARINGER, FRAMDRIFT MED MEIR)

### Delprosjekt 1 – Modulskule Stanghelle

- Fekk inn 2 tilbod
- Innsynsbegjæring frå Cramo – ingen klage
- Det er inngått kontrakt med Wexus gruppen AS
- Nye moduler produsert i Latvia
- Leveres seinast 1. juni – overtaking 29. juni
- Dispensasjon reguleringsplan (dispensasjon):
  - krav om ny rasvurdering frå NVE og Fylkesmann
  - Multiconsult engasjert til dette (kartlegging var allereie gjort) og rapport lå føre 15. februar
  - dispensasjon godkjent (bebygd areal og mangel på universell utforming) under føresetnad av rassikring av uteområde innan skulestart 2018.
- Søkna om igangsettingsløyve 16. mars
- Miljøretta helsevern godkjenner planene med atterhald om at eksisterende skole er ok

I samband med byggeløyve for modulskule er det innhenta geologisk rapport for farevurdering av skuleområde.

I følge gjeldande byggtknisk forskrift (TEK 17 vil planlagt modulskule inngå i sikkerhetsklasse S3, sannsynlegheit for ras mindre enn 1/5000. Tilhørende uteareal tilhører vanligvis en lavere sikkerhetsklasse S2, sannsynlegheit for ras mindre enn 1/1000.

#### Konklusjon rassikring av skuleområdet:

Det er ikke funnet fare for skred mot planlagt modulskulebygg. Imidlertid foreligger det fare for steinsprang mot det tilhørende utearealet. Vi anbefaler at det utføres sikringstiltak i form av bolter og steinsprangnett i den bratte bergskrenten i nordøst og steinspranggjerde eller skredvoll i sør for å sikre skoletomten mot fremtidige skredhendelser. Sikringstiltak skal prosjekteres av geolog, og utføres av bergkyndig personell i et fjellsikringsfirma.

#### Vidare framdrift for rassikring vert som følger:

- Innhenter pris frå bergsikringsforma for fjellsikring samt grunnentreprenør for skredvoll. Med atterhald om høg pris, vert dette arbeidet vert sett i bestilling på fullmakt frå rådmann med sikte på ferdigstilling til skulestart.
- Dersom dette ikkje er mogleg må ein opp med sikringsgjerde på skuleplass og stenge av deler av kunstgrasbana.
- Venter på rapport for rassikring av veg til Brekkjen, varsla meir omfattande sikring (fangnett) på delar av strekket.
- Rassikring Stanghelle finansieres med rassikringsmidlar samt tilleggsloving.
- Vaksdal kommune kan i tillegg søkje Fylkesmannen om ekstraordinære skjønnsmidlar.

### Delprosjekt 2 – Styring og overvaking

- Rammeavtale for styring og overvaking av bygg og anlegg (automatikk). Dale barne og ungdomskule er del av denne.
- 5 tilbod – 1 leverandør avvist

- Forhandlingar med dei 4 andre
- Normatic AS er tildelt oppdraget
- 2 innsynsbegjæringer og 1 klage (5. mars) som er til handsaming.

### **Delprosjekt 3 – Trafikktryggleik og grunnarbeid Stanghelle**

- Gjennomført anbodskonkurranse for:
  - Grunnarbeid
  - Ny parkeringsplass i grustaket
  - Veg, vatn, avløp og straum til modulskule
- 5 tilbydarar, Dale Entreprenør vart tildelt oppdraget 6. mars – 10 dagars klagefrist.
- Vil bli spurt om å etablere rasvoll
- Byggenemnda vedtok å gjennomføre innsparing på 210 000 kroner inkl. mva ved å kutte ut mellombels veg til modulbygg
- Nytt møte i arbeidsgruppa for trafikksikring tysdag 13. mars.

### **Delprosjekt 4 – Ny barne- og ungdomskule på Dale**

- To-trinns anskaffelse med forhandling over EØS terskel
- 7 søkte om å bli prekvalifisert innan fristen 16. februar:
  - Prekvalifisert
    - o Åsane Byggmesterforretning AS
    - o Consto Bergen AS
    - o Hent AS
    - o NCC Norge AS
    - o Stoltz Entreprenør AS
  - Ikkje prekvalifisert
    - o Betonmast Hæhre Bergen AS
    - o Leigland Bygg AS
- Leigland Bygg har klagd på avvisning (2. mars)
- Inventura AS er rådgjevar for innkjøp og handterer klagen
- Det vert gjennomført tilbodsynfaring 12. mars
- Tilbudsfrist 10. april (etterskrift: seinare utsett til 17. april)
- Rammeløyve (dispensasjon + byggesøknad):
  - Nabovarsel sendt
  - dispensasjonsøknad for grøntareal og tilkomstveg/parkering
  - byggesøknad sendes 7. mars
- Søknad om igangsettingsløyve riving 30. mai
- Søknad om planuttale sendt til miljøretta helsevern, dialog pågår
- AMU/råd for menn.... Etc =OK
- Jobber med:
  - støy uteområde
  - Avklaring kostnader omlegging høgspant (kommunens andel ser ut til å bli 1,35 mill. kr)
- Bussløysing i byggeperiode. Her anbefaler Skyss ein felles løysing for barneskule (ekskl. sfo) og sentrumsstopp utanfor Heradshuset. Løysinga vil vare i 2,5 år frå august 2018 til januar 2021. Stoppet utanfor Dalehallen vert då nedlagt. Ingen endring i planar for transport til/frå Turbinen og Stanghelle skule.



- 

#### **Delprosjekt 5 – Fornying av VA Dale**

- Omlegging og fornying av VA ledninger i:
  - Skulen (framdriftskritisk)
  - Skulegata
  - Lauvgardsvegen (fram til Markvegen)
- Planlagt tilbuds konkurranse i mars - april
- Oppstart juni
- Ferdigstilling haust 2018

#### **Delprosjekt 6 – Ombygging ungdomskule**

- Ett trinns byggesøknad
  - Brannteknisk utfordrande pga manglar eksist. Bygg
  - Krevjande å samla arbeidsplassar innanfor kostnadsrammen
- Vert sendt søknad til miljøretta helsevern innan 20. mars
- Må opp i AMU og råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Anskaffing vert gjennomført som avrop på rammeavtale for bygg og elektro
- Tilbudssynfaring tysdag 13. mars
  - Løysing utan tilbygg og med spreidde arbeidsplasser
  - Opsjon med ekstra arbeidsplasser i tilbygg

#### **Delprosjekt 7 – Ombygging Stanghelle skule**

- Ett trinns byggesøknad
  - Lite utfordrane
- Miljøretta helsevern har befart bygget og kommer med uttale innan 9. mars
- Må opp i AMU
- Anskaffing vert gjennomført som avrop på rammeavtale for bygg og elektro
- Innhenting av pris i april

#### **Delprosjekt 8 – Kollektivterminal Dale**

- Samarbeidsprosjekt mellom Vaksdal kommune og Hordaland fylkeskommunen, Skyss, Statens vegvesen og politiet
- Spleiselag mellom Vaksdal kommune og Hordaland fylkeskommune
- Utgreid 3 ulike alternativ som vart presentert i møtet. Alternativa vert lagt for Formannskapet for drøfting i løpet av 1. halvår 2018.

#### **Delprosjekt 9-13**

9. Uteområde Stanghelle skule
10. Sfo Turbinen
11. Uteområde Turbinen
12. Møblering modulbygg

13. Inventar og lyd/lys nye Dale busk

### 3. ØKONOMI

Økonomistatus vart gjennomgått. Månadleg produksjon og S-kurve vart lagt fram i møtet. Akkumulert produksjon per 31. januar 2018 var på 6,9 millionar mot estimat på 5,2 millionar kroner.

Det er høgare kostnader til omlegging av høgspent, modulskule samt byggherrekostnader enn estimert i skisseprosjekt/byggeprogram.

Når anbod på totalentreprisen er evaluert og forhandlingar gjennomført vil ein saman med innhenta tilbod for dei andre entreprisane ha oversikt over korleis ein ligg an med omsyn til prosjektets investeringsramme.

Ein bør ha minimum 7,5 % margin for delentreprisane. For å sikre framdrift og handlingsrom i prosjektet vert det på denne bakgrunn fremma sak til kommunestyret om delegering av økonomifullmakt frå Formannskap til byggenemnd.

### 4. YMSE

- Skule har utarbeid ein kommunikasjonsplan i samband med ny skule medinformasjon ut:
  - Dale ungdomskule i drift i 2 år (veke 12)
  - Nye Dale barne- og ungdomsskule (veke 22)
  - Stanghelle skule (veke 12)
  - Vaksdal skule (veke 11)
  - Stamnes oppveksttun (veke 11)
- Prosjektet bør informere ut på alle kanaler om delprosjekt på Stanghelle og Dale som berører alle

### 5. NESTE MØTE

Neste møte i byggenemnda vert onsdag 2. mai kl 13-15.

Med helsing

Willy Andre Gjesdal  
Einingsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Mottakarar:**

Ann Kristin Bolstad

Eirik Haga

Jan Erik Bernes Roe

Magnar Helland

Magne Rønning Eikeland

Sigmund Simmenes

Torstein Mehus

Haugane 12

5724

STANGHELLE

Toskedalsvegen 1080

5727

STAMNES



Tegnforklaring

- - - Entreprisegrense
- - - +59.10 Nye høyder
- Bygg
- Overbygd
- ▲ Inngangspil
- ▽ Port i gjerde
- Gjerde
- Eksist. støttemur
- Termoplast UU
- Asfalt
- Mønster i belegg
- Steinstøv
- Fallunderlag
- Sandkasse
- Sykkelparkering
- Benk og bord
- Vøll
- Eksist. skulptur
- Løkeutstyr
- Gress
- Hekk
- Eksisterende gress
- Trær/ eksist. tre

NOTE:  
 Eksisterende tre og skulptur er plassert utfra bilder. Før detaljprosjekt må dette måles inn. Eksisterende VA anlegg og belysning skal bevares. Avfallskontainere kan bli flyttet i neste fase. Prosjektet skal følge eksisterende høyder.

<b>RAMBOLL</b>	
Ramboll Norge AS Bygg og Arkitektur Skjerveggen 6, 4095 Stavanger	
Oppdragsgjver logo:	
Rev. Dato:	Godkjent:
Revisjonen omhandler:	
<b>TURBINEN - SFO</b> <b>VAKSDAL KOMMUNE</b> <b>LANDSKAPSPLAN</b> <b>Anbudstegning</b>	
Dato:	Målestokk:
13.04.2018	1:200 (A1)
Oppdrags nr.:	Filnavn:
1350019831	M:\P-1350019831-Turbinen_20180324
Uk-arb. Kont.:	Godkjent: Rev.:
KHM EDY	EDY
Fags. Type:	Egr. Tegnr. nr.:
U	700 10 - 11

**DALE BARNE OG UNGDOMSSKULE OG TILHØYRANDE PROSJEKT**

Oppdatert 11.04.2018

**Myndighetsavklaringar**

<b>Aktivitet</b>	<b>Innsendt</b>	<b>Godkjenning/ tilbakemelding</b>	<b>Merknad</b>
<b>Søknad Dale BU</b>			
Nabovarsel før rammesøknad	16.02.2018	-	
Rammesøknad	07.03.2018		
Søknad til Arbeidstilsynet	11.04.2018		
Søknad om plangodkjennelse Miljørettet helsevern	19.02.2018	21.03.2018	
<b>Ombygging bygg E</b>			
Rammesøknad	23.03.2018		
Søknad til Arbeidstilsynet			Sender inn når vi har mottatt vedtak/signatur frå AMU og verneombod
Søknad om plangodkjennelse Miljørettet helsevern			Har sendt materiell til Magne som sørgjer for innsending
<b>Modulbygg Stanghelle/ombygging Stanghelle skule</b>			
Nabovarsel	17.12.2017	-	
Dispensasjonssøknad	05.01.2018	23.02.2018	
Eitt-trinns-søknad modulscole	16.03.2018	06.04.2018	
Rammesøknad ombygging eksisterande bygg	23.03.2018		
Søknad til Arbeidstilsynet begge tiltaka samla			Sender inn når vi har mottatt vedtak/signatur frå AMU og verneombod
Søknad om plangodkjennelse Miljørettet helsevern	22.12.2017	25.01.2018	



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
34/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.04.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 076	17/1467

### TILDELING AV KULTURPRISEN 2018

#### Vedlegg:

Retningslinjer for kulturprisen  
Tidlegare kandidatar til kulturprisen  
Tidlegare prisvinnarar

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### Saksopplysningar:

Det er ikkje kome inn framlegg på kandidatar til årets kulturpris. Ordføraren ønskjer difor at formannskapet ser på tidlegare forslag for å prøva å finna ein prisvinnar blant desse.

Oversyn over framlegg frå 2014-2016 ligg ved. I tillegg ligg retningslinene og tidlegare prisvinnarar ved.

# Kulturpris

## Retningslinjer for tildeling

Vaksdal kommune innstiftar ein årleg kommunal kulturpris f.o.m. året 1979. Prisen er ein gåvesjekk på kr 10 000 og eit måleri.

Prisen vil kvart år verta delt ut på Daledagane. Prisen kan gjevast til ein-skilde personar, lag eller institusjonar, som har gjort seg fortente til ei utmerking, anten for spesielle tiltak, eller god og trufast innsats for å fremja kulturlivet i kommunen.

Rådmannen vil kvart år i mars månad oppmoda lag og ein-skild personar, gjennom media, om å gjera framlegg innan april månad på kandidatar til kulturprisen. Formannskap/plan- og økonomiutvalet gjer endeleg vedtak om kven som skal tildelast prisen.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet kan også vedta at det ein-skilde år ikkje skal delast ut pris eller at det kan delast ut meir enn ein pris når særskilde tilhøve tilseier det.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet skal leggja til grunn ei svært vid tolking av ordet kultur i si vurdering ved tildeling av prisen.

Prisen må kunna oppfattast som ei utmerking av god innsats gjennom lengre tid, men også som eit prov på at særlege kulturtiltak vert verdsett, og såleis at det inspirerer til vidare arbeid for fornying av kulturlivet i kommunen vår

*Retningslinjene vedtekne av Kommunestyret i møte den 04.09.1979*

*Retningslinjene vedtekne av Kommunestyret i møte den 13.12.2004*

*Retningslinjene vedtekne av Kommunestyret i møte den 22.06.2009*

### **Tidlegare prisvinnarar:**

- 1979 Lars Ragnvaldsen
- 1980 Boknemnda i Bergsdalen Jordbrukslag
- 1981 Bjarne Thaule og John Saav
- 1982 Veteranklubben på Stamnes
- 1983 Alf Olsnes
- 1984 Samuel Dale og Gunnvor Bjørsvik
- 1985 Aasmund Lilleskare
- 1986 Dale Mannskor
- 1987 Thor Mickelsen
- 1988 Reidun Takvam og Per Jørgensen
- 1989 Solveig og Ole Johan Rødberg
- 1990 Oddny Kallestad
- 1991 Dale Musikkforening
- 1992 Arnfinn Lilleskare
- 1993 Helga Olsnes og Jenny Laastad
- 1994 Ingvild Brønstad
- 1995 Knut Rødland
- 1996 Asbjørn Berge
- 1997 Olav Ulrik Sjøvik
- 1998 Knut E. Knutsen
- 1999 Kjellaug Knutsen
- 2000 Hans Brørvik og Otto Heimdal
- 2001 Odd Berge
- 2002 Ingebrigt Hesjedal
- 2003 Ruth Olsnes
- 2004 Geir Karstensen
- 2005 Kjell Stokke
- 2006 Inge Sandven
- 2007 Aage Lavik
- 2008 Vaksdal Musikklag
- 2009 Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf
- 2010 Veteranbussklubben Eksingedalen/Modalen
- 2011 Arnold Olsnes
- 2012 Ole Petter Lien
- 2013 Bjarne Lavik og Rune Nesheim
- 2014 Rolf Erik Veka
- 2015 Arne Johnsen
- 2016 Claus Sjøberg
- 2017 Morten Skage





## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
35/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.04.2018
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA - V18	18/105

### FRAMLEGG TIL STRATEGI OG RETNINGLINER FOR NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I VAKSDAL KOMMUNE, 2018 - 2021.

#### Vedlegg:

Framlegg til strategi NMSK 2018-2021

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre vedtek lokal strategi for tilskot til Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) i Vaksdal kommune 2018-2021. Vedtaket har heimel i § 3 i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) er ei statleg tilskotsordning som skal stimulere til verdiskaping ut frå regionale og lokale prioriteringar, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne blir tekne vare på og utvikla vidare. Tilskot kan gjevast til skogeigarar etter søknad.

Tilskotsordninga er heimla i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-forskrifta). Ordninga dekkjer ulike typar tilskot, og forskrifta deler ansvaret for tildeling og tilråding mellom fylkesmannen og kommunane etter tiltakstype:

Fylkesmannen tildeler midlar til skogkultur og miljøtiltak etter søknad frå kommunane.

I følge § 3 i NMSK- forskrifta, skal kommunen fastsetje lokale retningsliner for tildeling av tilskot i samarbeid med fylkesmannen og lokale næringsorganisasjonar i landbruket. Fylkesmannen set rettleiande satsar for lokale tiltak som kommunen løyver tilskot til. Kommunane fastset sjølv tilskotssatsane for tiltaka.

Vaksdal kommune har tidlegare hatt administrative retningsliner for tildeling av midlar, men

ikkje ein vedteken strategi. Dei siste åra er prioritering og tildeling gjort i samråd med fylkesmannen. Fylkesmannen har no stilt krav om at fleirårig, politisk vedteken strategi må vere på plass innan 2018, som grunnlag for tildeling av midlar etter søknad frå skogeigarar.

Med bakgrunn i kravet frå fylkesmannen er det utarbeidd framlegg til ny, overordna strategi for NMSK-midlane, med utgangspunkt i dagens situasjon, framtidige utfordringar og kommunale mål for aktiviteten i skogbruket.

Vaksdal og Modalen skogeigarlag, Evanger-Vaksdal Bondelag og fylkesmannen har fått framlegget til strategi til uttale. Det kom uttale frå fylkesmannen, som er teke omsyn til i strategien.

## **Vurdering**

Skogbruket er ei generasjonsovergrepande næring. Det er difor viktig at skogseigarane har langsiktige og stabile rammer å drive etter. I dette høve er intensjonen at NMSK- strategien skal stimulere til aktivitet og heilskapande, langsiktig tenking kring skogbruket i kommunen, der verkemidlane vert prioritert ut frå ei ønska utvikling.

Vurdering av dei ulike tiltakstypene, med prioriteringar, går fram av det følgjande:

### Skogkultur

Tilskotet til skogkultur skal fungere som eit intensiv for aktivitet i regi av hos skogeigarane. Fylkesmannen har dei seinare åra hatt sett stort fokus på denne type tiltak, med bakgrunn i at aktiviteten ikkje er så høg som ønskjeleg. Kommunane er difor oppmoda til å informere om og peike på aktuelle tiltak, som foryngingsplikt gjennom planting og ungsogspleie gjennom avstandsregulering.

Aktiv skogskjøtsel vil skape god kvalitet på tømmer som skal hoggast med tida, og soleis påverke økonomien til skogeigar. Det er også viktig å etablere meir stabile og stormsterke bestandar, med høgare toleranse mot vindskader. Ut frå klimaprognooser framover, med meir nedbør, auke i vind og hyppigare stormar, kan god skogskjøtsel kunne redusere øydeleggingar i skogen ved uvêr.

Rettleiande satsar frå fylkesmannen vert lagt til grunn ved tildeling av tilskot til tiltak, jf. framlegget til strategi.

### Miljøtiltak

Føremålet med å gje tilskot til miljøtiltak i område med skogbruk, er å ivareta og vidareutvikla miljøverdiane knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminner. Det finnest mange slike kvalitetar i Vaksdal kommune. Det er difor viktig å stimulere til tiltak som tek omsyn til - og forvaltar - desse verdiane på ein god måte, mellom anna gjennom bruk av NMSK-midlar. Her vil tilgjengeleg kunnskap og informasjon frå ulike kartleggingar i kommunen, danne eit nyttig utgangspunkt for vektlegging og prioritering.

Til dømes:

- Kulturminneplan for Vaksdal kommune.
- Viltet i Vaksdal kommune (rapport).
- Naturtypar i Vaksdal (rapport)
- Bekkekløftprosjektet – naturfaglege registreringar, mellom anna i Vaksdal (rapport).

Rettleiande satsar frå fylkesmannen vert lagt til grunn ved tildeling av tilskot til tiltak, jf. framlegget til strategi.

### Skogsvegar


Fylkesmannen har ein årleg sum til fordeling mellom søknadar om statleg tilskot til skogsvegar frå veglag i kommunane. Tilskotet er hovudsakleg knytt til skogsbilvegar. I Vaksdal kommune er det gjennom åra bygd fleire slike vegar, også med statstilskot. Men for framtidig hogst vil det likevel vere trong for fleire nye vegar med denne standarden. Det er difor sentralt at kommunen legg til rette for ei utbygging gjennom overordna vegplan for skogvegar i kommunen (under arbeid). Dette vil kunne fremje søknadar frå vår kommune, og det er viktig at vegbygging som tiltak kjem tydeleg fram i NMSK-strategien.

### Taubanedrift

Taubanedrift er lite nytta i Vaksdal kommune, men kan vere eigna på enkelte lokalitetar ved framtidig hogst. Kommunen ønskjer å vere merksam på dette i kontakten med skogeigar og entreprenør, og medverka til aktuelle søknadar.

### **Konklusjon**

Prioriteringane i NMSK strategien skal medverke til næringsaktivitet i det lokale skogbruket på ein måte som byggjer verdiar på kort og lang sikt, samstundes som det vert teke omsyn til natur- og miljøverdiar og andre brukarinteresser. Strategien tek i dette høve utgangspunkt i dagens situasjon og framtidige utfordringar og mål.



**FRAMLEGG TIL  
STRATEGI OG RETNINGSLINER FOR  
NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET (NMSK),  
VAKSDAL KOMMUNE,  
2018-2021**



Vedtatt av kommunestyret ....., sak ....

## 1.0 INNLEIING

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) er ei statleg tilskotsordning som skal stimulere til verdiskaping ut frå regionale og lokale prioriteringar, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne blir tekne vare på og utvikla vidare. Tilskot kan gjevast til skogeigarar etter søknad.

Tilskotsordninga er styrt gjennom Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Ordninga dekkjer ulike typar tilskot, og forskrifta deler ansvaret for tildeling og tilråding mellom fylkesmannen og kommunane etter tiltakstype:

Type tilskot	Vedtak om tildeling	Tilråding
Tilskot til skogkultur	Kommunen	Fylkesmannen
Tilskot til miljøtiltak i skog	Kommunen	Fylkesmannen
Tilskot til vegbygging	Fylkesmannen	Kommunen
Tilskot til drift med taubane, hest o.a.	Fylkesmannen	Kommunen
Tilskot til «andre tiltak/prosjekt»	Kommunen	Fylkesmannen

I følgje § 3 i forskrifta, er kommunen pliktig til å utarbeide lokale retningslinjer for prioritering av søknader om NMSK-tilskot. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med fylkesmannen og lokale næringsorganisasjonar i landbruket (Vaksdal og Modalen skogeigarlag og Eksingedalen-Vaksdal bondelag). Desse har vore involvert i prosessen.

Fylkesmannen set rettleiande satsar for lokale tiltak som kommunen løyver tilskot til, for å unngå for store skilnadar mellom kommunane. Kommunane fastset sjølv tilskotssatsane for gjeremåla.

Vaksdal kommune har tidlegere hatt administrative strategiar for prioritering og bruk av NMSK-midlane. Desse er nå vidareført og utvikla i ny, overordna strategi, som tek utgangspunkt i dagens situasjon, framtidige utfordringar og kommunale mål.

Intensjonen med strategien er å medverke til at skogbruket får langsiktige og stabile rammer å drive etter, ut frå mål og ønskjer.

NMSK-strategien er forankra politisk gjennom vedtak i kommunestyret den ....., jf. sak ....., og vil vere styrande for kommunen sin bruk av midlane.

*Velteplass på Dalseid. Foto: Tore Henrik Øye*




## 2.0 RESSURSGRUNNLAG OG SKOGSDRIFT


Vaksdal kommune har eit produktivt skogareal på om lag 115 000 daa. Av dette reknar ein med at om lag 65 000 daa er økonomisk drivverdig areal, der om lag 17 000 daa er aktuelt for eit intensivt skogbruk i tradisjonell forstand.

På 1950-talet vart det sett i gong skogreisingsaktivitet i Vaksdal kommune, og kommunen var dei neste 10-åra sterkt engasjert i å byggje opp ressursgrunnlaget for ei framtidig skogbruksnæring.


Det er om lag 10 000 daa planteskog i kommunen, for det meste gran, men også litt furu. I tillegg finst det areal som kan eigne seg for nyplanting. Registreringa i ØKS over planteaktiviteten i kommunen dei siste 15 år, viser høg aktivitet frå 1992 til 2002. Plantinga har etter dette gått kraftig ned, og skjer no berre i samband med foryngingsplikta etter hogst (ikkje nyplantingar).



Skogreisninga fram mot 1990, har ført til at det i dag - og framover - vil vere relativt mykje hogstmogen skog i kommunen. Hogsten dei siste åra har variert med åra. Rekordåret var 1994, med uttak av 3108 m<sup>3</sup>, og uttaket var høgast fram til 1997. Etter dette gjekk hogsten ned, og har vore under 500 m<sup>3</sup> per år, med unnatak av 2013 og 2015.



Potensialet for hogst er større enn dagens uttak, som har eit relativt lågt volum. Dette skuldast truleg fleire forhold, som mangelfull infrastruktur for både offentleg vegnett og skogsbilvegar, med vanskeleg tilkomst og svekka grunnlag for lønsam drift. I tillegg kan krevjande driftsforhold, færre aktive skogeigarar og mindre interesse for skogbruk, spele inn.



Døme på område med vesentlege skogressursar, er Bogalia, Øyane, Gammersvik – Toskedalen, Eidslandet og Flatekval i Eksingedalen.

### 3.0 MILJØVERDIAR OG BRUKARINTERESSER

I tillegg til å danne grunnlag for skogbruk, representerer skogen leveområde for planter og dyr, landskapselement, kulturspor og ferdsleområde for menneske, med påfølgjande interesser for bruk og vern. Slike forhold kan mellom anna være knytt til jakt og fiske, tradisjonelt friluftsliv, lokalhistorie og ivaretaking av livsmiljø og artar. Det er difor naturleg at desse verdiane får merksemd i NMSK-strategien, og gjennom kommunen sitt informasjonsarbeid ovafor skogeigarar og andre med arbeid i skogbruket.

Skogen og skogbruket er aktualisert som ressurs og verkemiddel i klimapolitikken og for «det grønne skiftet». Det er difor viktig at klimaperspektivet får merksemd i lokal ressursforvaltning.



*Det er registrert fleire tiurleikar i Vaksdal kommune. Foto: Sveiung Klyve.*

### 4.0 MÅLSETJINGAR

#### Hovudmål:

NMSK-strategien skal saman med anna planlegging og virkemiddelbruk i regi av kommunen, leggje til rette for auka skogbruksaktivitet og ei forsvarleg ressursforvaltning, målt ut frå kjende produksjons- og miljøparameter.

#### Delmål:

- Potensialet for hogst på gode lokalitetar skal nyttast best mogeleg.
- Forynging etter hogst skal gjennomførast for å sikre tilvekst og ressursoppbygging.
- God ungsogpleie skal leggje grunnlag for å utvikle tømmer av høg kvalitet.
- God infrastruktur skal sikre rasjonell hogst og transport av tømmer.
- Verdfulle natur- og kulturminne skal takast omsyn til/sikrast ved skogbruksaktivitet.
- Klimaperspektivet skal liggje til grunn for skogbruksaktiviteten.

## **5.0 TILTAKSDEL: KOMMUNEN SINE PRIORITERINGAR AV NMSK-TILSKOT**

### **5.1. Miljøtiltak i skog**

#### TYPE TILTAK:

- Skjøtselstiltak som tek vare på og utviklar natur- og miljøverdiar.

#### PRIORITERINGAR:

- Økonomisk tap knytt til langsiktig bevaring av spesielle miljøverdiar.
- Område som er registrert i naturbase og andre aktuelle kjelder.

#### TILSKOTSSATS:

- Miljøtiltak i skog; miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap og kulturminne – inntil 100 % tilskot, avhengig av kostnad og tilgjengelege tilskotsmidlar.

#### ANSVAR/ROLLE:

- Kommunen bestemmer tilskotssats, prioriterer søknader og løyver tilskot (jf. § 6 NMSK-forskrifta).

### **5.2. Skogkultur**

#### TYPE TILTAK:

- Lovpålagt forynging etter hogst (hovudsakleg gran) innan 3 år etter hogsten jf. § 6 i forskrift om berekraftig skogbruk og § 6 i lov om skogbruket vert prioritert.
- Aktiv ungsskogpleie i plantefelt.

#### PRIORITERINGAR:

- Skjøtsel med sikte på kvalitetsproduksjon i all ungskog med treslag som høver til veksestaden.
- Rydding i plantefelt og avstandsregulering vert prioritert høgt.

#### TILSKOTSSATSAR:

- Ny planting i hogstfelt – 30 % tilskot.
- Ny planting; skogreisingsmark, treslagsskifte til gran – 65 % tilskot.
- Suppleringsplanting i gran og furufelt – 65 % tilskot.
- Luvrydding i plantefelt – 65 % tilskot.
- Avstandsregulering – 65 % tilskot.

#### ANSVAR/ROLLE:

- Kommunen bestemmer tilskotssats, prioriterer søknadar og løyver tilskot ( jf. § 4 i NMSK forskrifta).

### **5.3. Skogsvegbygging**

#### TYPE TILTAK:

- Vaksdal kommune vil arbeide for at transport av tømmer skjer på ein rasjonell og kostnadseffektiv måte, samstundes som det vert teke omsyn til miljøet.



Vegbygging skal i perioden styrast etter prioriteringar i forslag til Hovudplan veg 2012-2022 for Vaksdal kommune.

**PRIORITERINGAR:**

- Fylkesmannen fastsett eigne strategiar som kan variere over tid. Kommunen viser soleis til fylkesmannen sine gjeldande prioriteringar.

**TILSKOTSSATSAR:**

- Jf. fylkesmannen sine fastsette satsar til kvar tid.

**ANSVAR/ROLLE**

- Fylkesmannen lagar reglar for tilskot, set tilskotsprosent og gjer vedtak om tilskot.
- Kommunen tilrår tilskot (jf. § 5 NMSK forskrifta).

**5.4. Skogsdrift med taubane, hest o.a.**

**TYPE TILTAK:**

- Det kan gjevast tilskot til uttak av tømmer med taubane, hest o.a. Føremålet med tilskot er å auka skogbruket si verdiskaping i vanskeleg terreng.

**PRIORITERINGAR/FØRESETNADAR:**

- Fylkesmannen fastsett eigne strategiar som kan variere over tid. Kommunen viser soleis til fylkesmannen sine gjeldande prioriteringar.

**TILSKOTSSATSAR**

- Jf. fylkesmannen sine fastsette satsar til kvar tid.

**ANSVAR/ROLLE**

- Fylkesmannen lagar reglar for tilskot, bestemmer tilskotsprosent og gjer vedtak om tilskot.
- Kommunen tilrår tilskot (jf. § 7 NMSK forskrifta).



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
36/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.04.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FA - K01, TI - &00	17/1

### REGULERING AV VANNSKUTERKJØRING

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Regulering av vannskuterkjøring vert vurdert i samband med det pågåande arbeidet med areal- og områdeplanar. Eventuelle reguleringar etter havne- og farvannslova vert også vurdert. Konsekvensar for anna ferdsel og bruk må utgreiast.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

19. mai 2017 oppheva Regjeringa vannskuterforskrifta. Vannskutere er no likestilt med fritidsbåtar, og det er opp til kvar enkelt kommune å innføre reglar for desse.

Kommunestyret fatta i sak 52/2017 følgjande vedtak:

*Rådmann bes utforme et forslag til regulering av vannscooterkjøring som prioriterer friluftsliv og miljø slik at vannscooterkjøring må foregå minst 400 meter fra land og at man på veien dit maks kan holde fart på fem knop.*

For regulering av vannskuterkjøring kan ulike lovar vera aktuelle. Samferdselsdepartementet peikar på motorferdsellova, havne- farvannslova og plan-og bygningslova.

Ulike problemstillingar knytt til farleier og utarbeiding av forskrift vart presentert i sak KOM 07/18. Kommunestyret gjorde slikt vedtak: *Administrasjonen kjem fram med forslag til løysing av tinging frå kommunestyret til neste møte og i høve kystverket sin vegleiar.*

Eit knapt år etter at vannskuterforskrifta vart oppheva er det førebels få kommunar som har utarbeidd lokale forskrifter. Uklarheiter om bruk av lov og regleverk kan vera noko av bakgrunnen for dette.

KS Advokatane har vurdert kva moglegeheiter kommunane har til å regulere vannskuterbruken:

Gjennom havne- og farvannslova fastsetje:

- Lokale *fartsforskrifter* om fartsbegrensingar, som vil gjelde for alle fartøtypar innafør kommunen sitt sjøområde. Det kan dermed ikkje fastsetjast fartsbegrensingar som kun gjeld vannskutere.

- Lokale *ordensforskrifter* om orden i og bruk av farvatn i kommunen sitt sjøområde, som for eksempel kan forby eller regulere vannskuterbruk dersom det er påkravd for å ivareta omsynet til trygg ferdsel, forsvarleg forvaltning av farvatnet, miljø eller friluftsliv.
- Kommunen kan lage *arealplan* etter plan- og bygningslova som regulerer eller forbyr bruken av vannskuter i bestemte områder.
- Regulere bruk av vannskuter i ferskvann med heimel i motorferdsellova.

#### Lokale fartsforskrifter og ordensforskrifter etter havne- og farvannslova

Kystverket forvaltar mynde etter havne- og farvannslova og skal godkjenne lokale fartsforskrifter. Kommunane kan gjennom lokale fartsforskrifter også fastsetje fartsbegrensingar i hovud- og bifarleier.

Kommunane kan også, ifølgje havne- og farvannslova, fastsette lokale ordensforskrifter for farvatn og hamner i kommunen sine sjøområde. Kommunane må i så fall nytte ein bestemt forskriftsmal som er inntatt i ei egen malforskrift. Ordensforskrifter kan regulere vannskuter særskilt.

Kommunar står ikkje fritt til å forby eller regulere vannskuterbruk gjennom lokale ordensforskrifter, men må grunnkje ei regulering med; å ivareta omsynet til trygg ferdsel, forsvarleg forvaltning av farvatn eller miljø/friluftsliv. Vidare stiller *havne- og farvannslova* §§ 14 og 42 som ytterligere vilkår at ett eller flere av dei nevnte omsyna gjer denne reguleringen påkrevd. I dette ligg at kommunane må føreta ei konkret fagvurdering, der omsyn til trygg ferdsel, forsvarleg forvaltning av farvatnet, miljø eller friluftsliv gjerne må vegast opp mot omsynet til dei reguleringa retter seg mot eller særleg berører.

Kommunen kan innføre ordensreglar i egne sjøområde utanom farlei/bifarlei. I praksis vert dette for Dalevågen, del av Bolstadfjorden og Eidsfjorden. For ordensreglar har kommunen anledning til å forskjellsbehandle fartøy, og vannskuter kan i prinsippet tildelast egne reguleringar.

KS Advokatane peikar også på at slike trafikkregulerande bestemmelser skal gjerast etter kompliserte reglar og kan vera vanskeleg å få godkjent.

I forslag til ny havne- og farvannslov meiner lovutvalet at mynde til å regulere trafikken bør leggast til departementet og delegerast til Kystverket. Med det fell mynde til å fastsetje lokale fartsbegrensingar vekk. Medverknad skal sikrast ved at forslag til regulering av ferdsel skal vektleggast.

#### Plan og bygningslova – regulering gjennom arealformål

Kommunane har anledning til å gje bestemmingar om ferdsel i sjøområde jf PBL §§11-11 nr.6 og 12-7 nr.1 og 2. Eventuelle begrensingar må vurderast ut frå omsynet til friluftsliv, verneomsyn eller næringsliv. Kommunen kan sette forbod mot bruk av vannskuter i nærare angitte område.

Lova opnar for at areal kan avsetjast i arealplan til blant anna formålet «*bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner*». Ei nærare kategorisering av områder avsett til formålet kan vedtakast i ein reguleringsplan. For eksempel kan områder avsett til «friluftsområde» i arealplanen reserverast for «badeområde» i ein reguleringsplan.

Kommunen kan også registrere areal med ulike omsynssoner jf. PBL 11-8 og 12-6. Omsynssoner kan for eksempel vera sikrings, støy og faresoner eller soner med særleg omsyn til friluftsliv. Det kan også knytast bestemmingar og retningslinjer til slike omsynssoner.

## **Vurdering**

Det er fleire mogelegheiter for regulering av vannskuterkjøring:

- Det kan utarbeidast lokal fartsforskrift for fartøy i kommunen sine sjøareal
- Kommunen kan regulere område og bruk gjennom arealformål og omsynssoner i arealplan og reguleringsplan
- Det kan, om ynskjeleg, også utarbeidast ordensforskrifter som gjeld Dalevågen, del av Bolstadfjorden og Eidsfjorden for å regulere bruk av vannskuter. Dette kan skje etter ei fagvurdering og særskilt grunngjeving.

Konsekvensar ved ulike reguleringar må vurderast nøye slik at det ikkje resulterer i utilsikta verknader for anna ferdsel eller bruk i aktuelle område. Ny havne- og farvannslov er under arbeid og nye retningslinjer vil koma. Ettersom kommunen arbeider med arealplan og områdeplaner er det grunnlag for å vurdere regulering etter plan- og bygningslova først.

Aktuelle område for regulering er viktig å få fram i dette arbeidet. Planutvalet kan vurdere nærare kva område det er naturleg å regulere.